



# FINNÅS KRAFTLAG

## Årsrapport 2022



## Innhald

Kostbar energi og mangel på kraft .....	4
Nøkkeltal .....	8
Finnås Kraftlag SA (Konsern).....	8
Finnås Kraftlag AS (Marknad).....	8
Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys) .....	9
Konsernet si verksemd .....	10
Føremål.....	10
Medlemstal .....	10
Oppgjer for partmedel .....	10
Eigarskap i andre .....	10
Medlemskap i Organisasjonar .....	10
Organisasjon.....	11
Leiargruppa .....	12
Styret .....	13
Vararepresentantar .....	13
Styreansvarsforsikring.....	14
Forsikringsdekning .....	14
Valnemnd .....	14
Revisjon.....	14
Visjon og verdier .....	14
Konsernstruktur .....	15
Bømlo Kraftnett AS .....	15
Nettselskapet sitt eigarskap i andre .....	15
Finnås Kraftlag AS.....	15
Vidare drift .....	16
Arbeidsmiljø.....	16
Likestilling og diskriminering.....	16
Midlertidig tilsette .....	16
Deltidsstillingar .....	16
Ytre miljø .....	17
Etikk og samfunnsansvar .....	17
Årsrekneskap.....	18
Framtidig utvikling.....	19
Finansiell risiko .....	20
Marknadsrisiko.....	21
Disponering av resultat.....	22
Kort om drifta i 2022.....	23
Finnås Kraftlag SA.....	23
Bømlo Kraftnett AS .....	23
Personale .....	23
Eigedomar .....	23
Ekornsæter stasjon.....	23
Børøysund stasjon .....	23
Nettstasjonar:.....	23
Lågspennnett: .....	23
Nettleige .....	24
Energiuttak .....	25
Nettdrift .....	26

Det lokale el-tilsyn, DLE .....	28
Veglys.....	29
Byggjestråum .....	29
Finnås Kraftlag AS.....	30
Personale .....	30
Breiband .....	30
Kraftomsetnad .....	32
Elbil-lading.....	33
Solceller.....	33
APP.....	34
Resultatrekneskap.....	35
Balanse pr. 31.desember.....	36
Balanse pr. 31. desember.....	37
Rekneskapsprinsipp.....	38
Note 1 – Segmentinformasjon.....	41
Note 2 – Utdeling av kjøpsutbytte.....	42
Note 3 – Flaskehalsinntekter .....	42
Note 4 – Varige driftsmidler .....	43
Note 5 – Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m. ....	44
Note 6 – Skattekostnad.....	45
Note 7 – Eigenkapital .....	47
Note 8 – Investering i dotterselskap .....	48
Note 9 – Fordringar og gjeld .....	48
Note 10 – Aksjar og andelar i andre føretak mv. ....	48
Note 11 – Transaksjonar med nærstående partar .....	49
Note 12 – Markandsbaserte fondsandelar .....	49
Note 13 – Likvidar og likvidplasseringar.....	49
Note 14 – Oversikt over medlemsinnkot .....	50
Note 15 – Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar .....	50
Note 16 – Annan langsiktig gjeld.....	51
Note 17 – Kraftkontraktar .....	52
Note 18 – Finansiell risiko .....	52
Kontantstraumoppstilling .....	53
Revisjonsberetning .....	54

## Kostbar energi og mangel på kraft



Då Finnås Kraftlag vart etablert for over 76 år sidan, var det mangelen på kraft og ei tru på framtidige behov som låg til grunn for pådrivarane. I dag står me på ny i ein situasjon der me vil mangle kraft til alle planar og visjonar som finnes blant næringslivet på Bømlo. Bømlo Kraftnett og styret i Finnås Kraftlag har sett at dette vil bli ei utfordring og har difor starta eit prosjekt for å kartlegge situasjonen og gi anbefalingar for gode tiltak framover. Me har vore heldige å fått leigd inn ein flink ressursperson frå Bømlo Næringsråd til å hjelpe oss med dette viktige arbeidet. Det som vert avdekka er ikkje særleg lysteleg. Nasjonen Noreg er ikkje førebudd på konsekvensane av den grønne omstillinga og vil gå tom for effekt og nettkapasitet i nær framtid om ikkje viktige grep vert gjennomført raskt. Regionen Sunnhordland er ikkje betre stilt og større utvidingar av forbruk vert sett på vent også her. Det er mangelen på kapasitet i linjene ut til Haugalandet og trafoen på Stord som er årsaka til situasjonen me står i. Me håpar at den nye linja frå Blåfalli til Gismarvik vil vera på plass ved utgangen av 2027, men endeleg konsesjon for linja er enda ikkje gitt. Innan linja står ferdig, bør ein ha løyst problematikken med for låg trafokapasitet på Stord. Bømlo Kraftnett og Finnås Kraftlag vil arbeide meir med denne problematikken og forsøke å komme opp med gode løysingar som gagnar alle innbyggjarane på Bømlo.

Ei anna stor sak i 2022 var dei høge straumprisane. Krigen i Ukraina har påverka energiprisane i Europa. Noreg er tett kopla saman med Europa via utanlandskablar med høg kapasitet. Denne kapasiteten medfører import av europeiske straumprisar. Spesielt vår prisregion (Kristiansand/NO2) er hardt råka då me er den regionen som er har stor kapasitet mot både Austlandet, Tyskland, Danmark, Nederland og England. Tidlegare kunne Vestlandet i våte periodar oppleve låge

prisar då det var rikeleg tilgang på effekt. Framover vil me sjeldnare oppleve slike situasjonar ettersom det alltid vil vera stor kapasitet til å eksportere krafta i alle retningar. Situasjonen kan opplevast urettferdig sidan vår region er den regionen i Noreg med mest produksjon og som overgår forbruket med stor margin. Då er det hardt å vite at me samtidig har dei høgaste prisane i landet.

2021	Produksjon	Forbruk	Kraftbalanse
Viken	16 743	20 000	-3 257
Oslo	163	9 170	-9 007
Innlandet	11 066	6 811	4 255
Vestfold og Telemark	13 742	9 547	4 195
Agder	18 510	8 652	9 858
Rogaland	16 896	13 245	3 651
Vestland	36 115	23 295	12 820
Møre og Romsdal	7 603	13 018	-5 415
Trøndelag	12 044	10 879	1 165
Nordland	18 066	11 000	7 066
Troms og Finnmark	6 125	6 272	-147
Svalbard	43	43	0
<b>Totalt</b>	<b>157 113</b>	<b>139 431</b>	<b>17 682</b>

Tabell 1 Produksjon og forbruk pr. fylke 2021. Kjelde Statistisk sentralbyrå

Utan tiltak ville situasjonen vore dramatisk for innbyggjarane i regionen. Styresmaktene fekk heldigvis relativt raskt på plass ei støtteordning for private hushald. Her vart nettselskapa viktige brikker i arbeidet med å berekne og fordele støtta ut til den enkelte. Nye IT-system måtte etablerast og store beløp skulle flyttast mellom Staten, NVE, nettselskap og kundar. Ordninga har fungert bra og er etter kvart justert slik at ho no omfattar enda fleire kundegrupper.

Næringslivet og hyttekundar vart derimot ikkje inkludert i ordninga. Det har dukka opp enkelte støtteordningar for

næringslivet, men berre nokre få har tilfredsstilt krava til utbetaling, og for desse har dei heller ikkje vore av vesentleg karakter. Då styret fekk tilgang på ekstraordinært utbytte frå Haugaland Kraft, vart dei raskt einige om at desse midlane burde gå tilbake til lokale næringslivskundar som hadde betalt dyrt for deira forbruk. Styret fekk eit ekstraordinært årsmøte med på ordninga. Me håpar at midlane har gjort det enklare å oppretthalde bedrifter og aktivitet på Bømlo.

Næringsministeren har fronta at løysinga for næringslivet er langsiktige fastprisavtalar. Slike avtalar skal berre ha maksimum tre aktørar involvert. Dette kan vera produsent, seljar og kunde. Finnås Kraftlag har ikkje klart å finne produsentar som vil selje eit fastpris produkt gjennom oss. Statkraft som ein statleg aktør har sagt at dei ikkje har kapasitet til å forhalda seg til mange leverandørar og har valt ut to leverandørar dei sel produktet sitt til. Me har ikkje gitt opp, men meiner at dagens situasjon ikkje er haldbar med tanke på fri konkurranse mellom aktørane i bransjen og lojale kundar av Finnås Kraftlag.

Sjølv med støtteordningar for private og eigne tiltak retta mot næringslivet, har dei høge straumprisane konsekvensar for den enkelte. Nokre slit med å betale dei høge rekningane og må til slutt gi opp. Det er trist når slikt skjer og det går inn på oss å høyre om konsekvensane det medfører for den enkelte. Som kraftomsettar vart 2022 eit vanskeleg år. Ofte tenkjer ein at inntektene til ein kraftomsettar aukar i takt med dei høge straumprisane. Slik er det ikkje, heller tvert om. Med store kostnader til kjøp av straum, og med kundar som må kaste inn handkledet før straumrekningane er betalt, vart resultatet for denne verksemda negativ i 2022. Straumstøtta til næringslivet påverkar og denne verksemda, men her har konsernet gitt ei tilsvarande styrking av eigenkapitalen til FKAS for å kompensere for verknaden av utbetalinga.

Situasjonen i Ukraina og Europa påverkar ikkje berre energiprisane, men og forsyningstryggleiken. Me har allereie opplevd sabotasje på gassrør i Østersjøen. Tilsvarande angrep kan skje på andre energisystem og beredskapen er skjerpaa for eksempelvis produsentar og nettaktørar. Me har heldigvis ikkje dei mest sårbare systema i vår kommune, men våre anlegg inngår i totalen, og er av den grunn viktige å verne om.

Frå 1. juli vart det innført krav om ny nettleigemodell i Norge. Nettselskapa måtte nå innføre kapasitetsledd for alle kundar med forbruk under 100 000 kWh/år. Ordninga er innført for at kundane skal ha ein gevinst ved å redusere effekttoppane, og motsett, bli straffa ved høge effektuttak. For nettselskapet er det ein fordel at kundane fordeler lasta over heile døgnet slik at me slepp å forsterke trafoar og kablar unødvendig. Om kundane skaffar seg utstyr og teknikk som automatisk flyttar noko av forbruket vekk frå toppane om morgon og ettermiddag, vil desse kunne oppleve lik komfort, men likevel kunne spare pengar samanlikna med dei som ikkje tar omsyn til tariff og straumpris. Finnås Kraftlag vurderer i desse dagar leverandørar av straumstyresystem som me kan tilby kundane våre å abonnere på. På den måten tenkjer me å hjelpe kundane våre til å spare både straum- og nettleigekostnader.

Lansering av Appen «Kraftlaget» var ei viktig hending for Finnås Kraftlag i 2022. Denne appen er eit godt hjelpemiddel for kundane våre til å enklare forstå straumfakturaen, og kva som genererer kostnader. Appen er heile tida under utvikling og tilbakemeldingar tyder på at me har gjort gode val under utvikling. Det er kostbart å utvikle eigne produkt, men det gjer det samtidig enklare å tilpasse produktet slik ein sjølv ynskjer.

Om det er god oversikt i appen eller dei høge straumprisane er uvisst (mest sannsynleg dei høge straumprisane), men kundane til Bømlo Kraftnett har til saman

reduisert kraftforbruket med 1,7 GWh i 2022 samanlikna med 2021. Dette er ein reduksjon på ca. 14%. Mest sannsynleg er mykje av reduksjonen ei varig endring, då kundane har tilvent seg nye vanar og gjort andre energieffektive val.

Finnås Kraftlag står midt oppe i ei IT omlegging. Nettalliansen er ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet. Samarbeid mellom 25 ulike selskap, er likevel ikkje enkelt. I visse tilfelle må ein gi slepp på både styring og kontroll og overlate endelege val til arbeidsgrupper som er sett ned. Samtidig får ein innspel frå andre organisasjonar og tilsette som kan sjå nye måtar og metodar å løyse saker og ting på. I 2022 fekk Nettalliansen like system for kundeinformasjon (KIS) og sakshandsaming relatert til Det Lokale Eltilsyn (DLE). Framover har ein nå enda fleire kollegaer å diskutere bruk av desse systema med. Dette, saman med reduserte kostnader vil vera ein styrke for små sjølvstendige selskap.

Kundane har forventingar om at kraftselskapa skal driftast kostnadseffektivt samtidig som dei vil ha god service. Då er det hyggeleg at nettselskapet Bømlo Kraftnett vert klassifisert som eit 101% effektivt selskap i NVE si måling av alle landets nettselskap. Like kjekt er det at Finnås Kraftlag AS vert kåra som beste partnar i Altibox-partnarskapet når ein målar kundane sine tilbakemeldingar av selskapet (kundetilfredsundersøking). Me lovar å arbeide like hardt og kanskje enda hardare for å holde oss på dette nivået i framtida.

I 2021 leverte me våre første elbil-ladarar og solcelleanlegg. I 2022 har me heldt fram å levere slike anlegg. Det er tydeleg at desse produkta er populære blant våre kundar. Våre leveransar av solcelleanlegg,

viser nå igjen på statistikken over produksjon på Bømlo. Dette er likevel for småskala produksjon å rekne, og gevinsten kjem først og fremst kundane til del i form av reduserte kostnader for eige forbruk og sal av overskotsproduksjon.

I telekom-bransjen skjer det og ting. 5G teknologien har medført at ein kjem opp med konkurrerande produkt til fiber. Finnås Kraftlag har saman med andre Altibox-partnarar etablert eit felles tårnselskap som skal byggje nye sendarar for 5G. Denne satsinga kan bli viktig for å dra enda meir nytte av fiberkablane som me har investert i dei siste åra.

Me går ei spennande tid i møte, der manko på straum kan bli den store saka. Finnås Kraftlag vil gjere sitt beste for at kundane på Bømlo ikkje skal bli råka av denne situasjonen. Vårt selskap kan ta hansken å arbeide for løysingar på denne utfordringa, men er avhengige av støtte frå både kommune, grunneigarar, næringsliv og innbyggjarar for å lykkast med eit slikt prosjekt. Kanskje kan ein ta val som både er gunstige for utvikling av samfunnet på Bømlo og samtidig kan gi oss ei økonomisk avkastning i framtida.

Til slutt vil eg takka tilsette, styret, kundar, medlemmer, samarbeidspartnarar og leverandørar for eit godt samarbeid i 2022.

Me e' der når nåke skjer!

Tor Bjarne Smedsrud  
Administrerande direktør



Arbeidet er i gang med utviding av fiskerihamna i Langevåg.

## Nøkkeltal

### Finnås Kraftlag SA (Konsern)

Nøkkeltal Konsernet Finnås Kraftlag SA	2022	2021	2020	2019
Driftsinntekter	363 993	237 954	146 563	178 539
Driftsresultat	-2 162	17 149	16 841	13 366
Finansresultat	42 823	24 067	23 732	25 674
<i>herav utbytte Haugaland Kraft</i>	46 074	22 865	23 261	26 194
Resultat før skatt	40 661	41 216	40 573	39 039
Skatt	2 308	1 609	2 278	2 511
Årsresultat	38 354	39 607	38 295	36 529
Kjøpsutbytte	13 500	12 500	12 000	10 000
Allmennyttige gaver	2 333	3 096	1 961	2 274
Medlemmer	3 988	3 775	3 539	3 538
Antal tilsette, totalt	34	33	31	31
Antal lærlingar (herav)	3	2	2	2
Pensjonistavtale (herav)	3	2	2	2
Fråværsprosent	4,4 %	4,1 %	4,4 %	4,3 %
Pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	4 499	4 279	3 054	3 692
Netto balanseført pensjonsforpliktning e.aga	2 861	1 847	1 374	1 713
Personalkostnad, brutto før aktivering	31 844	28 697	26 651	27 158
Investeringar totalt for konsernet	20 453	23 441	31 845	27 565
Totalkapital	1 120 097	1 087 804	1 054 338	1 046 958
Eigenkapital	975 977	953 382	929 300	904 966
Eigenkapitalandel	87 %	88 %	88 %	86 %
Gjeld til kredittinstitusjonar	51 158	59 211	64 562	80 709

### Finnås Kraftlag AS (Marknad)

Nøkkeltal Finnås Kraftlag AS	2022	2021	2020	2019
Driftsinntekter	270 621	160 613	73 473	109 143
Driftsresultat	-7 925	9 869	5 451	7 899
Breibandskundar (Privat)	5 521	5 481	5 341	5 137
Breibandskundar (Bedrift)	264	232	185	185
Fiberoppkoplingar	143	216	254	226
Fiberkablur (km)	909	903	886	857
Nodestasjonar	18	18	18	18
Antall Straumkundar ( <i>salgsordrar/abonnement</i> )	6 971	6 903	7 134	7 291
Marknadsandel antall kundar	78,8 %	78,6 %	82,3 %	85,2 %
Kraftsal eigne kundar (GWh) <sup>3</sup>	111,4	134,4	137,9	133,6
Marknadsandel volum <sup>1</sup>	72,5 %	75,6 %	79 %	79 %
Snitt straumpris inkl. påslag og mva <sup>2</sup>	270,0	100,0	17,6	54,9
Antal tilsette, totalt	9	8	8	
Lærling (herav)	1	0	0	
Pensjonistavtale (herav)	1	1	1	
Pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	1 003	957	808	
Netto balanseført pensjonsforpliktning e.aga	695	309	270	
Sjukefråvær	6,5 %	3,2 %	4,6 %	
Personalkostnad	6 888	6 628	6 737	9 191
Investeringar	6 238	9 189	10 617	15 726




Bømlo Kraftnett AS (Nett og veglys)

Nøkkeltal Bømlo Kraftnett	2022	2021	2020	2019
Nettramme frå NVE	66 470	49 158	44 523	43 328
Kostnad overliggande nett	37 050	28 977	24 144	22 523
Tillatt inntekt (nettleigeinntekt)	103 205	77 858	70 761	69 476
Flaskehalsinntekter frå Statnett	14 008			
Meir (+) Mindre (-) inntekt	-20 503	-2 391	-1 206	-3 532
Renter Meir (+) Mindre (-) inntekt	-213	-36	-41	-64
Avskrivning mindreinntekt	12 000	2 427	0	3 532
Akkumulert meir(+)-mindreinntekt(-)	-13 474	-4 747	-4 747	-3 500
Driftsinntekter	100 253	80 666	75 365	69 395
Driftsresultat Bømlo Kraftnett (segment nett)	6 005	6 758	10 904	5 467
KILE kostnad	566	1312	609	593
Nettleige hushaldning øre/kWh (ink avgifter) <sup>1</sup>	69,28	69,38	69,91	65,04
Innmata energi (GWh)	160,2	186,3	181,9	177,8
Målt forbruk sluttkunde (GWh)	153,6	177,8	173,8	169,7
Nettap (GWh)	6,7	8,4	8,1	8,03
Max Effektuttak	34,0	44,5	33,4	35,9
Nettkundar (målepunkt)	8 841	8784	8664	8554
Plusskundar	89	17	7	
Transformatorar	363	350	346	341
Nettstasjonar	334	328	325	320
HS luftlinjer (km)	115,1	115,3	123,0	124,4
HS jordkabel (km)	144,9	139,2	138,1	131,6
HS sjøkabel (km)	10,1	10,1	10,0	11,4
Antal tilsette totalt	16	18	17	
Lærlingar (herav)	1	2	2	
Pensjonistavtale (herav)	1	1	1	
Pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	2 476	2 422	1 579	
Netto balanseført pensjonsforplikting e.aga	461	47	470	
Sjuefråvær	2,5 %	4,9 %	4,6 %	
Personalkostnad <sup>3</sup>	16 248	15 008	13 697	17 967
Investeringar (både egen- og anleggsbidragfin.)	14 215	14 215	16 872	11 840
Avskrivningstid nettanlegg (år)	30-55	30-55	40	40
Avkastningsgrunnlag	243 054	242 987	238 417	233 185
Avkastning før avskrivning av inntektsramme	7,4 %	3,7 %	4,6 %	4,2 %
Avkastning etter avskrivning av mindreinntekt <sup>2</sup>	2,4 %	2,7 %	4,4 %	3,0 %

1) NVE statistikk 20.000 kWh

2) Ingen avskrivning av mindreinntekt i 2020

3) Kostnader innleige personell frå andre selskap i konsernet, kjem som driftskostnad etter 2020



## Årsmelding

### Konsernet si verksemd

Finnås Kraftlag er lokalisert i Bømlo kommune og organisert som eit SA. Selskapet eig i selskap som driv med kraftomsetting, nettdrift, telekommunikasjon og produksjon. Selskapet vert leia av eit styre valt av årsmøte. Årsmøte er ope for alle medlemene i selskapet. Den daglege leiinga vert ivareteke av administrerande direktør, som rapporterer til styret. Selskapet utfører kundeservice, reinhald, marknadsarbeid og økonomitenester for dotterselskapa.

### Føremål

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet.
- Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg.
- Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar.
- Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde og yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet.

### Medlemstal

Pr. 31.12.2022 har Finnås Kraftlag 3988 registrerte medlemmer.

### Oppgjer for partmedel

Pr. 31.12.2022 er det partar med ein samla verdi på om lag 3,99 mill. som framleis ikkje er innløyst.


### Eigarskap i andre

Selskapet Finnås Kraftlag SA er mor i konsernet og eig 100% av nettselskapet Bømlo Kraftnett AS og 100% av marknadsselskapet Finnås Kraftlag AS. I tillegg eig selskapet 9,53% av Haugaland Kraft AS. På grunn av at Haugaland Kraft eig 0,66% sjølv, har Finnås kraftlag 9,6% av stemmene.

### Medlemskap i Organisasjonar

Finnås Kraftlag SA er medlem i Samfunnsbedriftene, Energi Norge, Opplæringskontoret HSO, Bømlo opplæringskontor, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet (REN), Interessecelleskap for Energiverka i Regionen (IFER), og Bømlo Næringsråd.

Organisasjon



## Leiargruppa

Leiargruppa i Finnås kraftlag er samansett av dagleg leiar, avdelingsleiarar og HMS og kvalitets koordinator.



**Tor Bjarne Smedsrud**  
Administrerende direktør  
Finnås Kraftlag SA



**Bente Steinsland**  
Økonomi og administrasjonssjef  
Nestleiar  
Finnås Kraftlag SA



**Ståle Mæland**  
Avdelingsleiar Nett  
Bømlo Kraftnett AS



**Anders Engevik**  
Avdelingsleiar Breiband  
Finnås Kraftlag AS



**Rune Nesse**  
HMS og kvalitets koordinator  
Bømlo Kraftnett AS

## Styret

Styret består av sju medlemmer og to observatørar. Seks av medlemmene er valt av årsmøtet og eit av dei tilsette. Bømlo Kommune og dei tilsette har ein fast observatør kvar. Styret er gjennomgåande og difor likt i Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS.



Torleiv Fylkesnes  
Styreleiar



Anne-Beth Njærheim  
Nestleiar



Jorunn Jacobsen  
Folgerø-Holm  
Styremedlem



Ove Grønås  
Styremedlem



Vermund Hjelland  
Styremedlem



Signe Lund Jansen  
Styremedlem



Johnny Rolfsnes  
Styremedlem  
Valt av dei tilsette



Sammy Olsen  
Observatør  
Bømlo kommune



Thomas Vespstad  
Observatør  
Valt av dei tilsette

## Vararepresentantar

1. varamedlem: Geir Ivar Ådnanes  
2. varamedlem: Stina Raknes Kvarven  
3. varamedlem: Nina Ingvaldsen

1. vara tilsettere representant: Rune Nesse  
2. vara tilsettere representant: Tove Lise A. Aasheim

Vara kommunen sin observatør: Ragnfrid Sønstabø

### Styreansvarsforsikring

Det er teikna styreansvarsforsikring for konsernet Finnås Kraftlag SA. Forsikringa inkluderer alle noverande og eventuelt framtidige selskap i konsernet. Forsikringa gjeld for alle styremedlemmer, administrerande direktør og leiinga i alle selskap i konsernet.

### Forsikringsdekning

Forsikringsdekninga er på NOK 10.000.000 per skade og totalt i løpet av forsikringsperioda som er 12 månadar.

### Valnemnd

Leiar:	Oddgeir Alvsvåg
Medlem:	Idar Larsen
Medlem:	Jannicke Gjerdevik
Medlem:	Selma Karin Vestvik
Medlem:	Torhild Taraldsøy

### Revisjon

Deloitte AS  
Lars Hilles gate 30  
Pb 6013 Postterminalen  
5892 Bergen



## Visjon og verdier

### Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag syter for ei sikker og stabil straumforsyning og gode breibandtenester til alle i konsesjonsområdet. Dette kan me gjera med eit høgt servicenivå fordi me har kompetanse, infrastruktur og tilsette som er ein del av lokalsamfunnet. Ein viktig del av vårt eksistensgrunnlag er at me skal vera ein solid og aktiv bidragsytar til samfunnsutviklinga på Bømlo.

Våre verdier:

Finnås Kraftlag skal vera:

- Servicevennlege
- Offensive
- Rettskafne
- Dyktige



Ein nøgd medarbeidar

Gjennom lokalt eigarskap og lokalisering har Finnås Kraftlag ein sterk posisjon i befolkninga og hos kundane. Selskapet har eit godt omdømme og skårar høgt på kundeundersøkingar.

## Konsernstruktur

Selskapet er frå 01.01.2020 organisert som konsern.

### Bømlo Kraftnett AS

Bømlo Kraftnett AS eig og driftar distribusjonsnett i konsesjonsområdet. Selskapet eig kontor- og lagerbygningane i Hollundsdaalen 1. Det er og Bømlo Kraftnett som eig stasjonsbygningane der Fagne sine hovudtrafoar for forsyning av øya er plassert. Det er og Bømlo Kraftnett som driftar veglysa langs dei kommunale- og deler av dei fylkeskommunale vegane på Bømlo.

### Nettselskapet sitt eigarskap i andre

Bømlo Kraftnett med sine 1,062% er ein av 17 eigarar i driftsselskapet Validør, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Saman med 28 andre nettselskap eig me og i Nettalliansen. Dette er eit samarbeid mellom nettselskap om fellestenester/innkjøp.

Bømlo Kraftnett eig og 7/2500 av eit beredskapslager for sjøkabel lokalisert på Stord. Dette er organisert gjennom REN.

### Finnås Kraftlag AS

Finnås Kraftlag AS driv med kraftomsetting, breibandtenester og sal og installasjon av heimeladarar og solceller i konsesjonsområdet. Finnås Kraftlag AS er medpartner av Haugaland Kraft Fiber og leverer innhaldstenester frå Altibox. Selskapet har og eigne produkt/leveransar relatert til fiber utanfor Altibox samarbeidet. Selskapet har høg marknadsandel både innan straum og breiband.



Besøk på yrkesskolen

## Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Innteninga er god og eigenkapitalen er høg. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

## Arbeidsmiljø

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 32 årsverk i konsernet, fordelt på 29 faste stillingar, 3 på pensjonistvilkår og 2 lærlingar. I morselskapet var det ved årsskiftet totalt 8 tilsette.

Fråværsprosent totalt for konsern: 4,4%

Fråværsprosent morselskap: 6,2%

Finnås Kraftlag brukar eit elektronisk system til å ta imot meldingar om avvik m.m. Systemet har vore under utskifting og bruk av utgåande system har vore fallande og er truleg årsaka til at det berre er rapportert inn 19 avvik dette året. Eit av avvika er klassifisert som kritisk, (ulåst dør i nettstasjon) medan fem vart vurdert som alvorleg. HMS utvalet er godt etablert og arbeidar systematisk med HMS-arbeid i bedrifta.



Full konsentrasjon under vår sommaravslutning

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. I tillegg til vanleg helsekontroll gjennomførte me i saman med YSST ei medarbeidarundersøking med fokus på endringar i organisasjonen, verknad av ein pandemi og eventuelt arbeidspress. Resultata av undersøkinga var stort sett gode, men med vart oppfordra til å finne løysingar på arbeidsmengde i deler av bedrifta og å få i gang dei sosiale aktivitetane etter opphaldet gjennom pandemien.

## Likestilling og diskriminering

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt og at ingen arbeidstakarar skal oppleve diskriminering. Me skal likebehandle tilsette og kundar uavhengig av kjønn, religion eller legning.

I 2022 er gjennomsnittet for talet på nytta veker foreldrepermisjon 47 veker. To menn og ei kvinne hadde foreldrepermisjon i 2022.

Av dei fast tilsette er 6 kvinner og 21 menn. Me har ved utgangen av 2022 tre lærlingar – to kvinner og ein mann. Selskapet hadde ein midlertidig tilsett i første halvår av 2022.

I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Av årsmøtevalte styremedlemmer er fordelinga 50/50.

## Midlertidig tilsette

Ved utgangen av 2022 var det ingen midlertidig tilsette i konsernet, men to medarbeidarar arbeidar på pensjonistvilkår. I tillegg er det tilsett ein person i eit vikariat grunna foreldrepermisjon.

## Deltidsstillingar

Det stort sett nytta 100% stillingsstorleik i selskapet. Det er likevel ein tilsett som arbeidar i 90% stillingsstorleik. Vedkommande har fått tilbod om 100% stilling men ynskjer sjølv å ha redusert stilling.





## Ytre miljø

Våre verksemder er viktige brikker i arbeidet med å etablere fornybare samfunn, men me kjem ikkje unna at me påverkar miljøet rundt oss. Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og bygging av infrastruktur. Me søker å finna løysingar som er mest mogleg estetisk og vel ofte kabelgrøfter der dette er økonomisk forsvarleg. Kraftlinjene våre er synlege i terrenget og må ryddast for uønskt vegetasjon. Ved skogrydding forsøker me å kviste og rydde på innmark. Det meste av greiner blir kverna opp og ført tilbake til naturen.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektrisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeida er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje frå transformatoren. Transformatorar som står i nettstasjonsbygg har oppsamlingskar under seg for å fange opp slik lekkasje, medan lekkasje frå trafoar i mastearrangement kan hamne i naturen. Me har ikkje hatt hendingar med utslepp til naturen i 2022.

Bømlo Kraftnett har fleire brytaranlegg som er isolert med Sf6 gass. Sf6 gass er ein såkalla drivhusgass som har eit oppvarmingspotensial på 22000 gonger meir enn CO2 gass sett i eit 100 års perspektiv. Det finnes ny teknologi som gjer at ein kan byggje kompakte brytaranlegg som er luftisolerte. Det vil difor vera eit mål å ta i bruk denne type teknologi ved framtidige innkjøp.

Frå og med 27. oktober 2023 vil det ikkje vera lovleg å omsette kreosotstolpar i Noreg. Konsernet vil etterleve denne regelen og vil når lageret er tomt måtte finne stolpar med anna impregnering eller oppbygging. Me er med å finansierer eit forskingsprosjekt i regi av REN som har som mål å finne fram til gode alternativ for framtida.

Ved kjøp av nye bilar skal me alltid vurdere om det finnes elektriske alternativ som kan løyse oppgåva. Fram til no har det vore vanskeleg å skaffe elektriske varebilar som har hatt tilfredsstillande rekkevidde, men ny elektrisk varebil blei levert i slutten av 1. kvartal 2023. Totalt har konsernet nå fem elektriske bilar i sin bilpark. Det er framleis utfordrande å få fatt i varebilar med lang nok rekkevidde og drift på alle hjul.



Vår elektriske bilpark

## Etikk og samfunnsansvar

Finnås Kraftlag tar i høgste grad samfunnsansvar. Heile selskapet er tufta på at ein skal arbeide til beste for samfunnet på Bømlo. Årleg deler ein ut gåver til frivillige lag og organisasjonar på fleire millionar kroner. Dei siste 20 åra har Finnås Kraftlag støtta Bømlo-samfunnet med omlag kr. 60 mill. til allmennyttige føremål.

Frå 2021 har selskapet delt ut eit ungdomsstipend. Stipendet er på kr. 25.000,- og kan delast ut til ein ungdom som har utmerka seg på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Vinnaren i 2022 vart Tobias Haldorsen som har utmerka seg som spesielt flink på instrumentet Euphonium.

Finnås Kraftlag har i år hatt ein større sponsoravtale med Bømlo Teater og Bømlo Næringsråd og nokre mindre sponsoravtalar med dei ulike laga rundt om på øya.

Selskapet legg og igjen mykje midlar lokalt i form av kjøp av materiell og tenester og skattar og avgifter til kommunen.

Selskapet har vektlagt gode verdiar og brukar dette aktivt i sitt haldningsskapande arbeid både internt og eksternt.

Me er med i eit innkjøpssamarbeid med Nettalliansen, og desse har innarbeida rutinar for å etterleve openheitslova ved sine innkjøp og samarbeid med leverandørar. Generelt er norsk arbeidsliv langt framme når det gjeld krav til medverknad og anstendige arbeidsforhold. Arbeidsmiljølova har klare krav og anbefalingar til korleis ein skal få til eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Framover må me spesielt arbeide vidare med våre underleverandørar som importerer varer frå utlandet. På den måten kan me få kartlagt og ha eit grunnlag å vurdere i vårt arbeid med å etterleve openheitslova. Finnås Kraftlag vil lage sin eigen dokumentasjon for dette arbeidet og publisere den på våre nettsider innan fristen 30. juni 2023. Rapporten vil bli offentleg tilgjengeleg på nettsida til Finnås Kraftlag under menyen «Om oss» og «Openheitslova».

## Årsrekneskap

Finnås Kraftlag-konsernet hadde i 2022 omsetning på kr. 364,0 mill. mot kr. 237,9 mill. i 2021. Driftsresultat vart kr. -2,2 mill. og årsresultat etter skatt vart kr. 38,4 mill. Tilsvarende tal for 2021 var kr. 17,1 mill. og kr. 39,6 mill.

Morselskapet Finnås Kraftlag SA hadde i 2022 ein omsetning på kr 14,6 mill, mot kr 14,5 mill. i 2021. Resultat for 2022 vart kr. 44,1 mill. mot kr 36,0 mill. i 2021.

Finnås Kraftlag SA har eit finansresultat på kr. 44,2 mill. Selskapet har mottatt kr. 31,7 mill. i ordinært utbytte og kr 14,4 mill. i tilleggsutbytte frå Haugaland Kraft. Samla utbytte frå Haugaland Kraft er 46,1 mill. Det rekordhøge utbytte skuldast i stor grad dei ekstreme kraftprisane som har gitt eit svært godt resultat frå kraftproduksjon.

Auken i omsetning kjem i hovudsak av høgare kraftprisar i 2022 samanlikna med 2021, men ein har også auke i omsetning på andre verksemder som følgje av kundevekst på breiband og



Vinnar av ungdomsstipendet 2022: Tobias Haldorsen

nye forretningsområde som solcelle og heimelading. I 2022 vart det gitt ekstraordinære rabattar på nettleiga i samband med dei høge energiprisane. Rabatten vert effektivert ved å nedskrive mindreinntekta med 12 millionar kroner.

Det vart gitt ein næringsrabatt til næringskundar og kyrkjer som ikkje fekk vesentleg statleg straumstøtte. Dette beløpet utgjorde 14,4 millionar og er lik verdien på eit tilleggsutbyte frå Haugaland kraft til FKSA. Denne løysinga vart vedtatt på ekstraordinært årsmøte i FKSA og effektivert i FKAS.

Det er sett av kr.13,5 mill. til kjøpsutbyte til medlemmene og kr 2,3 mill. til allmennyttige gåver.

Totalkapitalen for konsernet var ved utgangen av året kr. 1.120 mill. Eigenkapitalen var kr. 976 mill. Dette gir ein eigenkapitaldel for konsernet på 87,1%.

### Framtidig utvikling

Finnås Kraftlag SA er nå organisert som eit konsern og har etablert rutinar tilpassa den nye organiseringa. Me har fått nye logoar i dei ulike selskapa som er tilpassa krava om merkevaredifferensiering som vart gjeldande frå 2022. Vårt hovudmål er framleis å driva effektiv og sikker leveranse av straum og fibertenester til kundar i vårt konsesjonsområde på Bømlo. Sjølv om me nå tilfredstillar myndigheitene sine krav til organisering, er det forventa at det stadig vil bli vanskelegare rammevilkår for små nettselskap. Me har ein klar strategi om å halda fram som sjølvstendig selskap og det er difor viktig at me held fram med eit kontinuerleg forbetningsarbeid der ein stadig ser etter smartare og meir økonomiske måtar å drifte nettet og selskapet på, samtidig som me opprettheld den gode kundeservicen som me er kjent for. Det gir difor inspirasjon til å halde fram med dette arbeidet når nettselskapet oppnår å bli målt til å vera 101% effektivt.

For eit lite selskap er det viktig med gode samarbeidspartnarar. Som eigar i både Nettalliansen og Haugaland Kraft, har ein sikra seg gode og ulike samarbeidspartnarar for selskapet.

Breibandsatsinga til kraftlaget har vore vellykka, og slik me ser det vil behovet for fibertilknyping til bedrifter og privatpersonar halda fram. Innføring av 5G mobilnett kan medføre sterkare konkurranse, spesielt om fritidskundane. Vår samarbeidspartnar Altibox føl utviklinga tett og eigaren deira Lyse, har nyleg kjøpt verksemda til ICE Scandinavia. Finnås Kraftlag har i 2022 blitt med som ein av eigarane i eit nyoppretta selskap som skal drifte tårnmaster med 5G sendarar. Det vert spennande å følgje utviklinga av dette selskapet.

I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vær og klima. Då er det godt å vite at me har investert i gode grøfter i dei nye vegane på Bømlo. Dette vil me og ha som grunnhaldning framover etter kvart som vegarbeida held fram rundt om på øya, men kost/nytte vil sjølvstøtt bli vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Høge kraftprisar, spesielt i slutten av året medfører at utbyttet frå Haugaland kraft aukar. Utbytteregane som baserer seg på 3 års snitt, medfører at utbytta ikkje svingar for mykje. Om dei høge kraftprisane held fram, kan me vente enda høgare utbytte i åra som kjem.



Stian Ytrøy i stolpen



Markering av gode resultat i både Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS

Reglane for utrekninga av nettramme endrar seg i 2023 til å basere seg på 30% av eigne kostnadar og 70% av kostnadane til dei mest effektive selskapa (referanseselskapa). Dei siste åra har denne fordelinga vore 40/60. Den nye regelen vil medføre ein reduksjon i inntektsramma om ein ikkje er 100% effektiv. Me meiner konsernet totalt sett er godt rusta til å møte utfordringane me står ovanfor i framtida, spesielt sidan effektiviteten til nettselskapet er god.

### Finansiell risiko

Finnås Kraftlag har investert ein mindre del av verdiane i langsiktige fond og aksjar. Det er låg risikoprofil på investeringane og derav mindre finansiell risiko. Finnås Kraftlag er og ein stor eigar i Haugaland Kraft AS og ser at det er ei viktig oppgåve å forvalte dette eigarskapet på ein god måte. Den største finansielle risikoen ved dette eigarskapet er reduserte straumprisar, lågare marginar i breibandsmarknaden og politiske vedtak rundt skattelegging av produksjon og andre regulatoriske endringar for selskapa i konsernet.

I den daglege drifta er ein eksponert for noko finansiell risiko knytt til renterisiko, rentefrie nedbetalingsordningar, kundefordringar og finansielle kraftkontraktar. Selskapet møter risiko for manglande oppgjør frå kundar med tett oppfølging via gode rutinar for betalingsoppfølging, kredittvurdering og bruk av inkassotenester. Høg kraftpris gjer at kundefordringene aukar og ein risikerer såleis også større tap på krav ved konkursar.

Selskapet har god likviditet og tilgang til kassekreditt som enkelt kan utvidast. Ein har også reserve gjennom fond som kan realiserast om nødvendig. Finnås Kraftlag har valt å ha ein større kassekreditt i staden for langsiktig lån, då dette er vurdert som mest kostnadseffektivt. Basert på Finnås Kraftlag sin sterke finansielle posisjon, selskapet sine viktige og samfunnskritiske produkt, og uttale frå vår bank vurderer ein Finnås Kraftlag sin refinansieringsrisiko som svært låg.



Arbeid med montasje av farvasskilt




Kunst av elverksskrot laga av elevar frå Bømlo Kulturskule

### Marknadsrisiko

Finnås Kraftlag SA eig Bømlo Kraftnett som er ei monopolverksemd. Her er det liten risiko relatert til marknaden, men energisparande tiltak som varmepumper, isolering og solcellepanel kan medføre ein nedgang i volum. Dette betyr at kostnaden pr. levert kWh kan auke for kundane.

For Finnås Kraftlag AS er det konkurranse om straum, TV og breibandskundar. Auka konkurranse frå 5G og andre aktørar kan medføre at marginane må ned og at ein mistar kundar. Me skårar høgt på kundetilfredsundersøkingar og har høg marknadsandel blant aktuelle kundar på Bømlo. Vårt kraftprodukt Spot-On-Bømlo har eit fast påslag og vår inntening vert ikkje påverka av straumprisane. Produktet har konkurransedyktige prisar og risikoen er først og fremst knytt til reduksjon i volum og kundar.



## Disponering av resultat

Overskot for 2022 er kr. 44.119.622,-

<b>Disponering av årsresultat</b>	<b>kr 43 159 523</b>
Gåver til allmennyttige føremål	kr 2 333 000
Avsette til annen egenkapital	kr 27 326 523
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer <sup>1</sup>	kr 13 500 000
<b>SUM Disponeringar</b>	<b>kr 43 159 523</b>

<sup>1</sup> Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2021.

## Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:


Gåvefond disponer av styre	kr 1 200 000
Bømlo turlag, Sherpatrapper Siggjo del 2	kr 406 000
Bømlo turlag, Dagstur/beredskapshytte Siggjo	kr 285 000
Dr. Heitmanns legat, Ny kai Hisøy	kr 69 000
Rubbestadneset Grendautval , Lys Stangarvågløypa	kr 51 000
Rubbestadneset Idrettslag , Solceller på tak	kr 56 000
Gilje Grendalag, 400 m Junior/barneløype terrengsykkel	kr 49 000
Gilje Grendalag, Gapahuk Krokavatnet	kr 52 000
Gilje Grendalag, Toalettbuigg m/minirensanlegg	kr 39 000
Gilje Grendalag - Terrengsykkeløype Krokavatnet +frisbeegolfbane	kr 126 000
<b>Sum Gåver</b>	<b>kr 2 333 000</b>





## For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formdelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved opstart og resten når prosjektrengskap er lagt fram.

Bremnes 10.05.2023  
For Finnås kraftlag SA


  
Torleiv Fylkesnes  
Styreleiar

  
Anne-Beth Njærheim  
Nestleiar

  
Signe Lund Jansen  
Styremedlem

  
Ove Grønås  
Styremedlem

  
Vermund Hjelland  
Styremedlem

  
Johnny Rolfsnes  
Styremedlem

  
Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm  
Styremedlem

  
Tor Bjarne Smedsrud  
Administrerande direktør

## Kort om drifta i 2022

### Finnås Kraftlag SA

Det er morselskapet som leverer rekneskap, administrative tenester og reinhald til dei andre selskapa i konsernet. Etter at selskapet vart organisert som eit konsern har oppgåvemengda auka. Budsjett, rapportering, løn og fakturahandtering er alle oppgåver som nå må utførast for tre selskap. Den auka arbeidsmengda har gjort det nødvendig å auke kapasiteten, men grunna fødselspermisjon og sjukemeldingar, har ein ikkje fått full effekt av kapasitetsauken i 2022.

Sjukefråværet i FKSA var i 2022 6,2%

Det er også morselskapet som stort sett driftar nett- og Facebook-sidene til konsernet. Kundane sett pris på den gode servicen som vert levert og me får ofte gode tilbakemeldingar på vårt kommunikasjonsarbeid. Oppgåver som HMS, beredskap og IT-tenester er og felles for heile konsernet, men vert kjøpt inn som tenester levert av dotterselskapa Bømlo Kraftnett AS og Finnås Kraftlag AS.

### Bømlo Kraftnett AS

#### Personale

Det er totalt 16 tilsette i Bømlo Kraftnett. Av desse er ingen kvinner. Sjukefråværet i 2022 var lågt med sine 2,5 %.

#### Eigedomar

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldt lager/stolpelager og carport, med ei samla grunnflate på 3077 m<sup>2</sup>.

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

#### Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m<sup>2</sup> og utstyrt med 6 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

#### Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeldt med meir, er på 150 m<sup>2</sup>, inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd av Haugaland Kraft.

#### Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 363 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 100 975 kVA. Transformatorane er plasserte i 334 nettstasjonar.

#### Lågspennnett:

Ved slutten av året består nettet av:

- 387,8 km luftlinjer
- 364 km jord- og 4 km sjøkablar.

#### FAKTA DISTRIBUSJONSNETT 2022




<b>22kV:</b>	
Luftledning:	114,0 km (114,2)
Hengekabel:	4,5 km (4,5)
Sjøkabler	7,9 km (7,9)
Jordkabler	140,2 km (139)
Nettstasjonar:	334 (328)
Transformatorar:	363 (350)
Trafokapasitet:	100 975 kVA (93 372)
<b>5kV:</b>	
Luftlinjer:	1,1 km (1,1)
Sjøkabler:	2,2 km (2,2)
Jordkabler:	0,2 km (0,2)
<b>&lt;1kV:</b>	
Luftlinjer:	387,8 km (336,5)
Jordkabler:	364,0 km (345,8)
Sjøkabler:	4 km (4)
Nettkundar:	8 841 stk. (8 784)
Plusskundar:	89 stk. (17)

## Nettleige

Bømlo Kraftnett si tillatne inntekt i 2022 var kr. 103,1 mill. (77,9 mill.). Faktisk inntekt blei kr. 68,4 (75,5 mill.). og dette medførte ei mindreinntekt på kr. 20,5 mill. Selskapet har avskrive 12 mill. av årets mindreinntekt. Totalt har selskapet ved årskiftet kr. 13,5 mill. i mindreinntekt.


Å halde nettleiga lågast mogleg er eit viktig oppdrag for Bømlo Kraftnett. Pengane ein tar inn frå kundane fordelast på fleire aktørar. Berre ca. 1/3 går til Bømlo Kraftnett. Resterande fordelast mellom eigarane av overliggande nett (Statnett og Fagne) og staten i form av avgifter og moms. Dette er kostnadar me ikkje klarer å påverke. På grunn av dei auka straumprisane, har kostnaden for tapt straum i nettet auka betrakteleg og vart på over 12,5 millionar i 2022. På grunn av betre effektivitet, avskrivning av mindreinntekt og tilførte midlar i form av flaskehalsinntekter, har me likevel klart å halde tariffane til kundane om lag på likt nivå som tidlegare.

Nettleiga ved forbruk på 20 000 kWh var i 2022 **69,28 øre/kWh**, inkl. 16,69 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva







Energiuttak



I 2022 har me sett ein stor reduksjon i energiforbruket på Bømlo. Samanlikna med 2021 vart forbruket redusert med heile 14%. Årsaka til denne reduksjonen kan i stor grad forklarast med dei høge energiprisane. Fleire kundar har fått eit meir bevisst forhold til energibruk og energisparing. Blant anna har mange investert i energiproduksjon og energireducerande tiltak.



Det er ein klar nedgang i effektforbruket samanlikna med 2021. Den timen i året med høgast forbruk kom i 2022 i timen mellom klokka 08:00 og 09:00 den 15. desember. Då var totalt tilført effekt på 33,961 MW/h.



Mange Bømlingar har investert i solceller på egne takflater. Denne auken kjem godt fram på kurva som samanliknar produksjon mata inn i nettet dei siste åra.

## Nettdrift

### Nye veganlegg

Veganlegga i første pakke er nå ferdige og siste rest av kabelnettet vart sett i drift og høgspenlinje demontert mellom Børøyvegen og Hestanesvegen. Om lag 7000 meter høgspenkabel er no grove ned og spenningssett langs veganlegget.

### Auka kapasitet i nettet

Det har vore eit år med mange større tilkoplingar som lista opp nedanfor. Fleire av desse er prosjekt med effektbehov større enn 1MW, og kan difor bli dei siste kundane som får tilgang til effekt over 1MW før tidlegast i slutten av 2027. Av og til må me og forsterke lågspennetnettet grunna nye solcelleanlegg. Her er regelverket slik at det er nettselskapet som må ta heile kostnaden om produksjonen er innanfor tildelt overbelastningsvern. Det har vore pause i vegprosjekt dette året og me har difor ikkje lagt like mykje ny høgspenkabel som tidlegare år.

### Utviding, ombygging og forsterking

- Omlegging HS-nett for ny brannstasjon og klargjering for tilkopling.
- Ny kiosk Storevarden sett i drift. Skal forsyne nytt bustadfelt og ny brannstasjon.
- Skifta NS Serklau 2 for å gjere klart for ny NS Serklauholmen.
- NS Serklauholmen spenningssett og forsyner ny kalsiumfabrikk.
- Auka kabel mellom Sortland Sør og Kvednahaugen og vidare mot Stavland.
- NS Austbøvegen spenningssett og forsyner ny skule i Rubbestadneset.
- Skifta NS Mosterhamn.
- Montert brytar med avleiarar i kabelmast Klungervik.
- Lagt om HS-kabel i Øklandsvåg for Bremnes Fryseri i samband med endring i bygningsstruktur.
- Ny NS Øklandsvegen sett i drift. Erstattar Bremnes Fryseri 240V.
- Sett i drift ny NS Hollundsdalen 2 for auka kapasitet til Nesseplast AS.
- Lagt om eit spenn HS-luftlinje til kabel inn mot Hovlandshagen.
- Ny NS Kråketangen sett i drift for forsyning av nytt slakteri Hovlandshagen.
- Flytta NS Sletten frå mast til ny plassering meir sentralt.
- Skifta NS Grindheimsvåg.
- Skifta kabel NS Bjødledalen – kabelmast for å auke kapasiteten.



Ny nettstasjon Serklau



Integrert nettstasjon på Serklauholmen



Ny nettstasjon Sletten

### Avgang og tilgang

Me hadde ein netto tilgang på driftssette høgspenkablar på 1,266 km, medan netto avgang på høgspenlinjer er 0,19 km.

Lågspennettet er bygd om og forsterka i dei krinsane der det er sett inn nye nettstasjonar og der stolpekontroll avdekka nødvendig utskifting. Bømlo Kraftnett har eit godt og relativt nytt straumnett målt mot bransjen elles.



### Driftsavbrot

#### Driftsavbrot

I 2022 vart det registrert til saman 7 hendingar som førte til utilsikta driftsavbrot. Først fekk me eit utfall grunna jordfeil på Børøysund-avgang på Ekornsæter som me ikkje klarte å finna svar på. På Alsvåg Nord knakk ein isolator ved betjening og måtte skiftast. Vidare fekk me to trafohavari på Rolfsnes og i Foldrøyhamn, og ei utkopling på ladestasjonen der feilen nok var hos kunde. Ved omlegging av høgspenkablar i Øklandsvåg fekk me feil på ein kabel ved innkopling. Det var feil på sjølve skøyten som var årsaka her. Siste utfall fekk me på avgreining mot Tverrborgvik der ein fase hadde lausna frå toppklemma (oppstrekk) og bles inn i nabofase ved rette vindretning.

Nettselskapa er underlagt ei KILE-ordning. KILE er forkortinga for ei kompensasjonsordning for kostnad med ikkje levert energi, og gir eit bilete av kor mykje avbrot ein har hatt i nettet. I 2022 hadde Bømlo Kraftnett ein kilekostnad på kr 566.000,- mot kr 1.312.000,- året før. Kilekostnaden kan fortelja noko, men er ikkje ein fullgod indikator på leveringstryggleik og tilstand i nettet vårt. Til dette nyttar ein primært avbrotindikatorane SAIFI (talet på avbrot pr sluttbrukar gjennom året) vart 1,326 og SAIDI (lengda på avbrot pr. sluttbrukar) vart 32,847 min.

**KILE-kostnad:**

**Bot for nettselskapet ved straumutfall**



### Det lokale el-tilsyn, DLE

Covid-19 pandemien fekk innverknad på vår tilsynsverksemd også dette året. Det var ein del smitte lokalt på Bømlo i starten av året og det var ikkje å anbefale å gjennomføre tilsyn i denne perioden. Då me kunne legge pandemiltaka bak oss i veke 10, fekk me fart på tilsyna og det vart gjennomført 382 tilsyn i løpet av året.

Me avslutta i 2022 prosjektet med ekstra fokus på elanlegg i område som er vanskeleg tilgjengeleg. Dette gjeld spesielt veglause øyar der det kan vera kostbart og komplisert å få fagfolk til å ta oppdrag. Samtidig såg ein etter såkalla «off-grid» anlegg. Dette er elektriske anlegg som ikkje er tilkoplta straumnett. 20 anlegg blei kontrollert. Av desse var 7 tilsyn utan feil og manglar, dei resterande 13 tilsyna inneholdt totalt 26 avvik. Det vart og oppdaga 3 «off-grid» anlegg som vart rapportert vidare til DSB sidan det er dei som fører tilsyn med slike anlegg. Slike prosjekt er meir tidkrevjande og på grunn av slike prosjekt kan ein redusere andre tilsyn med 20% dersom DSB godkjenner prosjekta.



Totalt vart det utført 303 tilsyn i bustadar, rorbuer, og hytter. I tillegg er det kontrollert 22 nyanlegg, 2 byggeplasskontrollar, 23 revisjonar og 32 verifikasjonar. På grunn av restriksjonar fram til veke 11, vart ikkje alle mål for tilsyn oppnådd i 2022.

Bustadhus:	209/209 = 100 %
Hytter:	60/60 = 100 %
Diverse anlegg:	15/21 = 71,4 %
Verksemdtilsyn:	32/38 = 84,2 %
Nyanlegg:	22/32 = 68,8 %

Det er totalt 8483 tilsynsobjekt under det lokale el-tilsynet i vårt område.

Det var godt å komme i gang med installatørmøte etter at pandemien har hindra oss i å gjennomføre slike møte nokre år. På møtet tar ein opp relevante problemstillingar som gir gjensidig utbytte.

DLE og Bømlo Brann/Redning har eit godt samarbeid, blant anna samarbeid om felles årleg skuleundervisning for alle 6. klasser i Bømlo Kommune og samarbeid om røykvarslardagen i desember.


## Veglys

Ved årsskiftet er det totalt 3233 veglys som er drifta og vedlikehaldne av Bømlo Kraftnett. For 2341 av desse er det kommunen og fylkeskommunen som dekkjer kostnaden med vedlikehaldet. For dei resterande 1629 veglysa er det private som må dekkje kostnaden for vedlikehaldet. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehald av veglys som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for. Det er i 2022 innført ei kartløyising der kundane kan

melde inn feil og manglar på veglysa som Bømlo Kraftnett driftar. Ordninga gjer det enklare å følgje opp slike arbeidsoppdrag samtidig som publikum kan følgje betre med på vår respons.

## Byggjestråum

Bømlo Kraftnett leiger ut byggjestråumskap til private og entreprenørar som måtte ha bruk for dette. Nettselskapet er plikta å kople til byggjestråumskap, men ikkje til å leige ut slike skap. Bømlo Kraftnett har valt å tilby dette for å yta god service til kundane våre.



Montørane våre er like blide uansett vær og vind.

## Finnås Kraftlag AS

### Personale

Det er totalt 9 tilsette i Finnås Kraftlag AS. Av desse er det to kvinner i tillegg til ein på pensjonistavtale. Sjukefråværet i 2022 var 6,5%.

### Breiband

#### Kvalitet på nettet

